

KYRKJEBLADE

FOR DAVIK

Nr. 117	Kjem ut kvar månad	Juli 1940	Utgjør og redaktør: Prost Slaattelid Davik	11. årg.
---------	-----------------------	-----------	---	----------

Salmen for disse tider.

Velt alle dine veie
og all din hjertesorg
på ham som har i eie
den hele himlens borg!
Han som kan stormen binde
og bryte bølgen blå,
han skal og veien finne
hvorpå din fot kan gå.

På Herren du dig støtte
om det dig vel skal gå,
hans gjerning må du nytte
om din skal kunne stå.
Av sorg og selv gjort plage
der kommer intet ut,
ti intet kan du tage,
alt kan du få av Gud.

Og om alt Satans rike
vil stride Gud imot,
han kan dog ikke vike,
han står dog der han stod.
Hvad han vil oss til fromme,
når vi kun giver tål,
det skal tilsist dog komme
og nå sitt endemål.

På hoiden opp! se lenger,
giv sorgen en god dag,
kast tvilen bort, dig trenger,
og volder hjerte-nag.
Er du ei her i skolen?
Høit over himlens hvelv
Gud sitter enn på stolen,
la ham kun råde selv.

Tru på Gud!

(Preike i Rugsund 14. april 1940).

Tekst: Joh. 14. 1—11.

Sidan siste sundag er alt vorte onnorleis i vårt land. Det er liksom ingenting er som før. Det er liksom så utruleg det som er hendt. Den store branden har rasa ikring oss i over eit halvt år, men vi var sparde. Dei vanskar vi hadde, var ikkje noko å snakka om, det skjønner vi no. No er vi

midt oppe i det, no brenn det her hjå oss og. Underleg er det for norske kristne å samla seg til gudsteneste idag, den fyrste sundagen under krigen. Og ikkje sant? Ei merkeleg styring er det med denne teksten idag. Det var fredag eg slo opp tekstboka for å tenkja på preika. Og so stod der: *Lat ikkje hjarto dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg!* Det var som ei openberring, som ei røyst frå himmelen. Dette er Jesu helsing til dei norske kristne for den tida som vi er gått inn. Dette er ordet frå Gud sjølv: Forferdast ikkje, men tru. Denne helsinga vil vi ta imot, dette ordet vil vi halda oss til. Tru på Gud og tru på meg! Gud hjelpe oss i nåde ved sin Ande til verkeleg å gjera det i den tid som vi går i møte.

»Lat ikkje hjarto dykkar uroast.« Det er nettopp det vi alle er freista til. Korleis skal det gå! Å Herre Gud, korleis skal det gå! Far og mor som sit heime og tenkjer på sonen eller sønene som måtte dra ut. Kona med borna sine som tenkjer på mannen, faren, som er ute. Og så tanken på kor det skal verta med mat for oss og våre. Skal vi læra kva det vil seia å svelta? Vi som har vore så kravstore, klaga og knurra over bagatellar og inkjevetta. Vi som har gløymt så altfor mykke å takka Gud for hans ufortente velgjerningar som han har aust ut over oss. I 126 år har vi levt i fred, kor lite vi har takka for det. Og no synest heile vårt folks framtid å stå på spel i denne ville striden på liv og død mellom stormaktene. Det er så naturleg at ein vil uroast, verta fulle av otte og sūt, at hjarta vil skjelva ved tanken på det som kan koma, ved tanken på våre kjære.

Men Jesus seier: Forferdast ikkje! Det er noko anna vi skal gjera: Tru på Gud, tru på Jesus. Det er det som Jesus formanar oss til. Tru på Gud, setja vår lit

til han, leggja vår sak i hans hand. Gud skal vera vår styrke, han vil hjelpa i trengslene. Då skal vi, seier Davids-salmen, ikkje ottast om jorda vert omskift, om havbårene dyn og skumar og fjella skjely for deira ofse. Om folkeslag rasar og rike vert rikka: Herren er med sine og slepper dei ikkje.

Tru på Gud, lita på Jesus. Det kan vi fyrst gjera fordi vår sak er rettferdig. Det er ikkje vår skuld at vi er komne opp i dette. Vi er eit lite folk. Vi ynskte berre ein ting: å få leva i fred og halda oss utanfor denne vitlause demoniske striden om herredømet over verda. Vi ville vera nøytrale. Vi ville gjera rett til båe sider. Og det har vi gjort i desse månadene. Når stormaktene har rive oss inn i dette, så er det imot all rett og rettferd, eine og åleine ved brutalt vald. Vi kan ikkje hjelpa for det. Vi har retten på vår side. Dei som ofrar livet for Noreg no, dei dør for rettvis sak. Difor er vi visse på at Gud er med oss i alle tilfelle, også om han skulle styra det onnorleis enn vi skulle ynskja. Og det er no han som styrer tilslutt, trass i alt. Det er ikkje ein av diktatorane no som er herren over historia, men det er Gud, den Allmektige, den Nådige, den Rettferdige. Vi kan ikkje forstå hans styring, hans tankar er så ofte onnorleis enn våre tankar. Det gjeld i det enkelte menneskeliv, og det gjeld i folka sitt liv. Han er jo den Veldige, den Uendelege, den Ufattelege. Og vi er dei små, dei hjelpelause, dei ammektige. Vi kan ikkje venta at vi skal skjøna hans vegar. Men vi *trur* som kristne, at han er den nådige og rettferdige, at alle hans tankar er frelsestankar, og at alle hans gjerningar er kjærleiksgjerningar, også når han ressar og dømer. Vi trur det, fordi vi har lært han å kjenna i hans einborne son, frelsaren, forsonaren, venen til syndarar. Alt må tena hans planar og mål, også dette føleslege som vi no er oppe i. Gud styrer, han sit ved roret midt i orkanen, det går tilslutt som han vil. Og difor trur vi og veit vi, at også vårt land og folk er i Guds hand. Om det ser aldri så mørkt ut: Gud er med oss.

Vi trur og at den prøvingseld som vi no skal gå igjennom, skal vera ein reisningseld. Vi har hatt det godt her i vårt land, og det skal ein sterk rygg til å bera gode dagar.

Det er lett å ta skade på si sjel når alt går som ein sjølv vil. Mange ting i vårt folk har vitna om det. Religiøs og moralisk oppløysing, indre strid, mangel på guds frykt, disiplin, ålvor og sedeleg kraft. Der har vore mykje slike. Gud såg at vi trong til som folk å sjå ålvoret inn i augo. Etter Guds vilje skal lidinga og trengslene verta til det gode. Ut or prøvingane skal det stiga fram eit nytt folk, sterkare, reinare, med meir syn for realitetane, audmijkare for sin Gud. Alt vil tena til det gode, dersom det får driva oss til Gud.

Og så den enkelte av oss: Tru på Gud, tru på Jesus. Ingen av oss veit kva vi kan få prøva av sorger og vanskår. Men den som trur veit ein ting: Vi er i Guds hand. Om du tenkjer på soldatane som er ute, — om du tenkjer på han som før eller som lyt fara ut frå din heim: Dei, han, er i Guds hand. Hugs på Jésu eigne ord: Sel dei ikkje to sporvar for ein skilling? Og ikkje ein av dei fell ned på jorda utan far dykkar vil. — Og jamvel alle håra på hovudet dykkar er talde. Så ver ikkje redde, de er meir enn mange sporvar. Og det står i den 139. salme: I di bok vart dei alle oppskrivne, dei dagar som vart fastsette då ikkje ein av dei var komen. Vi og alle våre er i Guds hand. Tru på Gud, tru på Jesus. Kast all dykkar sut på han, for han har omsut for dykk. Han som har hjelpt til idag, han vil hjelpa også heretter. Herren er min hyrding. Endå om eg går i daudeskuggens dal, så ottast eg ikkje for vondt, for du er med meg. I di hand står mine tider. — Tru på Jesus: »Kven skal skilja oss frå Kristi kjærleik? Trengsle eller hugverk eller forfylging eller hunger eller kledeløyse eller fåre eller sverd? Eg er viss på at korkje død eller liv, korkje englar eller hersar, korkje det som no er eller det som koma skal eller noko makt, korkje høgd eller dyp eller nokon annan skapning skal kunna skilja oss frå Guds kjærleik i Jesus Kristus, vår Herre.« Så seier den som trur på Jesus. Gud gjeve oss denne tru og styrke den i våre hjarto.

Trengslene er jo alltid eit kall frå Gud. Den tid som vi går inn i, er ei vitjingstid, ei »besøkelsestid« for oss alle. Den som før har levt som ein namnkristen: Gud kallar no til omvending, til ålvor, til å tenkja

seg om. Og alle som har gjort ålvor av sin kristendom, — til dei lyd kallet til meir ålvor, meir iver, nærmare til Gud. Dei veldige hendingar, dei trugande fårar, trengslene, sorgene, — alt skal driva til Jesus. Berre han kan styrkja trua i våre hjarto. Vi må vera ivrigare i bona, for der kan vår sjel finna ro. Vi må vera ivrigare i vår bruk av Guds ord; det vil no på mange måtar verta nytt og levande for oss; tenk f. eks. på Davids salmar, boka om trengslene og trøysta. Vi må vera ivrigare i bruk av det heilage sakramente: Samla oss der om Jesus, vera stille for hans føter. Gud gjeve at denne tid for alle verkelege kristne må verta ei vokster-tid. No skal det syna seg om vår kristendom ikkje berre var ord, men kraft. No vil trua verta sett på prøve for mange. No vil det verta som Jesus sa til Peter, at Satan vil sikta dei som kom. Men det gjeld og for oss som for Peter: Jesus bed for oss så trua vår ikkje skal svikta.

Tru på Gud, det vil og seja å læra den vanskelege kunsten å ikkje syta for den dag i morgen, men la kvar dag ha nok med si møde. Ikkje vera sytefulle, ottefulle, mismodige, men ta ein dag om senn: Framtida ligg i Guds hand. Han ordnar med den. Det er inga hjelp i å vera sytefulle for det som ein ingenting kan gjera med. Å tru på Gud er å vera frimodig og tapper. Og så gjeld det for oss alle å utføra sine daglege plikter. Dermed tenar ein no sitt folk og land. Ikkje vera oppskaka og opposte, ikkje la seg riva med av alle gysjene, men roleg og fast gjera si plikt i tru på Gud.

»Lat ikkje hjarto dykkar uroast. Tru på Gud og tru på meg.« Det er Jesu ord no til alle sine norske vener. Lat oss ta hans helsing til oss. Amen.

R. S.

† Våre døde.

21. jan.: Erling Myhrlie, ug. skipskokk, f. i Oslo 1916; omkom ved >Mirandas krigsforlis i Nord-sjøen.
23. mars: Ane Knutsdtr. Strand, Bryggja, enkje etter Mons Strand; f. på Åsnes 1867; astma.
13. april: Ragnhild Larsdtr. Husevåg, ug. tenar; f. 1859 i Grindøy; alderdom.
23. april: Kristian Andersson Gjengedal, Rødhjelle, g. kārmann; f. i Gloppe 1873.
28. april: Rasmus Rasmusson Berstad, e. kārmann; f. 1850 på Humberstad; alderdom.
29. april: Anna Andersdtr. Leivdal, kona til Anders O. Leivdal, Brobakke; f. 1905 på Nore, hjernesjukdom.
30. mai: Rikard Alfredsson Lund, ug. gardsarbeidar; f. 1919; tuberkulose.
11. juni: Nils Pedersson Lefdalshjelle; g. kārmann; f. 1868; magesjukdom.
17. juni: Martines Kristensson Elde, Kolset, g. kārmann; f. 1858; alderdom.

**Nu bede vi den Helligånd
frem for alt om troen rett og sann,
at vi den bevare
til vår siste ende.**

Notisar.

Kyrkjebladet har dessverre ikkje koma ut sidan april. Det vert prenta i Bergen, og lenge var det jo ikkje postsamband med byen. Så var det vanskeleg med pengar. Og så har sjølvsagt innbetalinga av kontingenst stogga dei siste tre månader; eg har sjølv hede fleire som kom og ville betala om å venta til ein såg korleis det gjekk. No ser det ut til å ordna seg, og eg vonar å få bladet i gang att. Difor vil eg be alle bladet sine vene om etter å tenkja på bladpengane. Det er jo berre såleis at det kan haldest gåande.

Eit spørsmål. Har de tenkt over for ein stor og underfull ting det var, at alle dei som var utkommanderte her frå prestegjeldet kom uskadde heimati? Og har de hugsa på å takka Gud for det?

Døypte: 21. mars: Ragnar Audun, f. 8. febr. av f. Hans Karolusson Kolset og k. Rasmine Rasmusdtr. (f. Oisbø). — S. d. Milda Ragna Kristina, f. 14. des. av f. Sigvald Johansson Fredheim, Furenes i Berle, og k. Karoline Rasmusdtr. (f. Ommedat). — S. d. Anne Paula, f. 11. jan. av f. Peder Paulsson Midtbø, Leirgulen, og k. Aletta Andersdtr. (f. Forde). — 24. mars: Astrid Jorunn, f. 13. okt. av f. John Jonasson Eikas og k. Annlaug Eriksdtr. (f. Fjellestad). — S. d. Anne-Lise, f. 11. nov. av f. Emil Gilleshamer og k. Ingrid Johansdtr. (f. Kjøllesdal). 25. mars: Kjell Ragnar, f. 26. des. av f. Anders Korneliussen Refvik, Isane, og k. Helga Kristiansdtr. (f. Riise). — S. d. Astaug Elisabet, f. 30. des. av f. Karl Johansson Isane og k. Oline Andersdtr. (f. Langved). — 14. april: Harald Andreas, f. 6. des. av f. Alf Andersson Eldevik og k. Amanda Larsdtr. (f. Kjærstad). — S. d. Gunnar Einar, f. 11. des. av f. Kristian Rasmusson Midtvik og k. Gudrun Gregoriusdtr. (f. Ramsevik). — S. d. Einar Per, f. 23. febr. av f. Ragnvald Olsson Husevåg og k. Ragna Pedersdtr. (f. Husevåg). — S. d. Kjellang Solveig, f. 26. des. av f. lærar Karl Abrahamsson Hunskår og k. Susanne Gabrielsdtr. (f. Hals). — 28. april: Sverre, f. 21. febr. av f. Ole Ras-

musson Myklebust og k. Berte Steffensdtr. (f. Myklebust). — S. d. Anne Marie, f. 10. febr. av f. Elias Larsson Myklebust og k. Ingeborg Olaidtr. (f. Nyvoll). — 12. mai: Ragnvald, f. 27. mars av f. Sigurd Rasmusson Isehaug og k. Malene Gabrielsdtr. (f. Nygjerd). — S. d. Liv Halldis, f. 28. febr. av f. Peder Hansson Etterdal, Måløy, og k. Ingeborg Andersdtr. (f. Endal). 19. mai: Ola, f. 21. mars av f. Mons Olsson Totland og k. Ragnhild Andersdtr. (f. Hilde). — 16. juni: Jonas Audun, f. 19. mai av f. Rasmus Jonasson Rimstad og k. Ingeborg Iversdtr. (f. Kas-sen). — 17. juni: Solveig Pernille, f. 22. april av f. Per Nilsson Lefdalshjelle og k. Anna Ivarsdtr. (f. Dombestein). — 22. juni: Jon Birger, f. 21. febr. av f. løytnant Jon Matiasson Bruvoll, Bergen, og k. Klara (f. Brosvik). — 30. juni: Marta Karoline, f. 22. februar av f. Johan Andersen, Os, og k. Marie Monsdtr. (f. Myklebust).

Ektevigde: 19. mars i Eid Gustav Knutsson Solbakke og Amanda Larsdtr. Glofsk. — 20. mars i Vannlyven, Modulf Karlsson Dombestein og Ragna Didriksdtr. Lågeide, Maurstad. — 27. mars i Rugsund, Ola Paulsson Midtbø og Aslaug Klaus-dtr. Håvik, Fagerlid. — 12. april i Davik, Anders Hansson Bakke og Margit Albertsdtr. Nybø. — 18. juni i Davik, Ole Jørgensson Eriksæter og Olga Rasmusdtr. Ødegård. — 3. juli i Rugsund, Leiv Johnsson Fløtre og Anna Albertsdtr. Bakke.

Kvittering for kontingen: Johanne K. Leirgulen, klokkar Hausle, Martinus M. Reksnes, Samuel Torheim, Anders K. Daviknes (Bergen) 5 kr. — Ber-tine Vemmelsvik, fru Drageset, fru Hyldmo, Si-mon J. Bakke, Paul P. Midtbø 3. — Rasmus Olshø, klokkar Daviknes, M. Bruvoll 2.50. — Aletta Hund-vik, Jørgine Bugjerde 1. — Oline A. Isene, An-dreas Krokopollen 2. — Tilsaman kr. 53.50.

Hjarteleg takk til alle.

Gudstenester:

10. sund. etter treein.,	28. juli:	Rugsund.
11. —	4. aug.:	Alfot.
12. —	11. aug.:	Davik.
13. —	18. aug.:	Totland.
14. —	25. aug.:	Rugsund.
15. —	1. sept.:	Davik.

Øfringer: Rugsund 21. mars til heidningmisjonen kr. 60.87. — Davik 24. mars til sjukerkontoret 81.60. — Totland 24. mars til heidningmisjonen 20.45. — Alfot 25. mars til heidningmisjonen 49.75.

Basarar: Levdal 27. mars til sjømannsmisjonen kr. 82.60. — Davik 26. mars til sjømannsmisjonen 134.87. Overskot av fest 4. jan. 14.05. — Rugsund 9. mars til redningssaka 170.25. Utlodda på lister: 1 ullteppe vunne av Hildur Skår, 1 dynetrekkel av Finnlandshjelpa ved G.B., 1 par lester av Serine Kjøllesdal. — Elde, sengespreide ut-lodda for santalmisjonen, vunne av Torbjørn og Moyfrid Vingen.

Kvinnenes arbeidshjelp hadde luttdragning 12. juni over dei ting som det var teke lut på ved lista i krinsane. Det kom inn kr. 452.50.

Til sjukerkontoret kom inn: Lagspengar: Endal 16 kr., Bortne 11, Hennøy 11, Elde 3, Skatestraumen 7, Kjølsdal 71. — Majblomar: Tytingvåg, Skatestraumen 5. — Lodd: Tytingvåg, Bortne, Skatestraumen 5. — Merke: Tytingvåg, Bortne, Skatestraumen 2. — Offer i Davik 81.60. — Basarar: Endal 73.14; Reksnes 105. — Lagspengar: Davik 67, Rugsund 13, Maurstad og Rimstad kvinneforeining 35.70.

Gode råd.

1. *Lær å være stille.* Det er noget styr-kende i stillheten. Megen tale svekker ånden. Så ofte du kan finne en ledig stund, da gå inn i stillheten og nedsenk din ånd for Guds ansikt.

2. *Vær alltid glad.* Der er ingen bedre medisin både for sjel og legeme enn et mun-tert sinn. Det er mere enn medisin. Det er hvad solskinn er for blomstene.

3. *Etsk alle.* Den største makt i verden er kjærligheten. Enhver kjærlig tanke for andre ånder vellukt ut i livet. Enhver kjærlig handling strør roser på vår vei. «Mange vandrer alle deres dager på torner og tidsler, fordi de alltid beklager sig over andre.

4. *Ha tro til Gud.* Hvor mørk enn skyen er i øieblikket, ha tro til at lyset vil stråle frem igjen. Ha tro til Gud for andre men-nesker. La Jesus ha det siste ord, og ikke synd og satan. Trø til Gud gjør oss til den guddommelige allmaks medarbeidere. »Alle ting er mulig for den som tror.«

5. *Be uten ophør.* Bevar din sjel i det stille, stadige samfund med Gud i hjertets inderste, der hvor din og den guddommelige ånd møtes. La røkofferet stadig stige op, og la alterflammen aldri slukkes.

6. *Lev i lyset.* Sysselsett dig i dine tanker med alt hvad der er smukt, sandt, elskelig, rent, hellig, edelt og opløftende. Om dagens gjerning enn skulde føre dig ned i skumle kjellere, kan din ånd godt fortsette med å leve opp i lyset og innånde luften i selskap med fredens Gud.